



Vestland Fylkeskommune  
seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv  
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling  
PB 7900  
5020 Bergen

20. mai 2020

## Søknad om å leggja eit lukka/semilukka anlegg ved Bjørsvik i Alver kommune

Lerøy Vest AS (LV) og søsterselskapet Sjøtroll Havbruk AS (SH), sammen kalla Lerøy Sjøtroll (LS) har ein stor aktivitet i Alver kommune. Begge selskapa har havbrukslokalitetar i Alver kommune i området Radfjorden og Hindenesfjorden. I tillegg har LV eit stort setjefiskanlegg på Bjørsvik. Anlegget på Bjørsvik produserer setjefisk av regnbogeaure til matfiskanlegga til LS i Vestland fylke.

LV avd. Bjørsvik ønskje nå å kunna levera stor postsmolt til matfiskanlegga, slik at ein reduserer tida fisken har i opne merdar. For å kunna få dette til ønskje LV å leggja eit lukka/semilukka anlegg i området sett av til akvakultur i kommuneplanen til Alver kommune ved Bjørsvik. I føresegnene til gjeldande kommuneplan står det "*I områda sett av til akvakultur ved Bjørsvik, ved Likulten nord for Myking og ved Ådnøy, er det berre tillate med lukka anlegg og FOU-anlegg. Heimel: Pbl.S 11-11 nr.3*". LV har i dag eit semilukka anlegg ved Sagen i Samnanger kommune og vil nytta den erfaringa i val av teknologi ved Bjørsvik.

Bakgrunnen for søknaden er at LS ønsker å produsera setjefisken i kar på land på LV avd. Bjørsvik til den blir om lag 150 gr. og deretter setja ein del av fisken i lukka/semilukka anlegg ved Bjørsvik og helda den her til den blir ein postsmolt på mellom 500 - 1000 gr. Deretter er ønsket å setja fisken i opne merdar på ein av lokalitetane til LS. Fordelen med dette er at produksjonstida i opne merdar går ned.

**Ut frå dette søker hermed Lerøy Vest AS om å plassera eit lukka/semilukka anlegg i akvakulturområdet sett av i kommuneplanen ved Bjørsvik i Alver kommune, for detaljer sjå vedlegg.**

Treng De ytterlegare informasjon, ta kontakt med underteikna.

Vedlegg:

- Søknadsskjema Bjørsvik 2
- Vedlegg 6.1.1 kvittering for betalt gebyr
- Vedlegg 6.1.2 straummåling
- Vedlegg 6.1.3 a) Sjøkart
- Vedlegg 6.1.3 b) kystsoneplankart
- Vedlegg 6.1.3 c) Olex fortøyningsskisse
- Vedlegg 6.1.3 d) Anleggsskisse

**LEROY VEST**

Skipavika 54,  
N-5397 Bekkjarvik, Norway

Phone + 47 91 91 18 00  
Føretaksregisteret/VAT NO 886 813 082 MVA

Email [firmapost@sjotrol.no](mailto:firmapost@sjotrol.no)  
[leroyseafood.com](http://leroyseafood.com)

- Vedlegg 6.1.4 Undervasstopografi
- Vedlegg 6.1.5 Beredskapsplan
- Vedlegg 6.1.9 IK-Bjørsvik2
- Vedlegg 6.2.1 Forundersøking
- Vedlegg 6.2.1 Mom-B Bjørsvik2
- Vedlegg 6.2.1 Mom-C Bjørsvik2
- Vedlegg 6.3.1 Avstand til utslepp
- Vedlegg 6.3.2 Akvakultur innafor 5km.
- Vedlegg 6.3.3 Fiskevelferds- og fiskehelseplan

Med venleg helsing



Nils Arve Eidsheim  
Samfunnkontakt  
*Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk*